

Notat til LNK om språkbruksplanar i tospråklege kommunar

av Jostein Avdem Fretland og Jan Olav Fretland

I dette notatet drøftar vi tema som bør eller kan vera med i ein slik språkbruksplan. Vi tenkjer då på kommunar som melder seg nøytrale, der det altså er to jamstilte skriftspråk. Det finst alt ein plan for kommunar der nynorsk er valt som administrasjonsspråk.

Den utmerka rapporten til Noregs Mållag om kommunereforma og språk har ei presis og handlingsretta oppsummering ¹:

”Denne rapporten går gjennom ei rekkje av dei mest sentrale spørsmåla rundt språkpolitikk og kommunereform:

- Rapporten viser at det frå regjering og storting er gjort lite for å ta vare på nynorsken og nynorskbrukarane i arbeidet med kommunereform, og at regjeringa meiner dette spørsmålet bør løysast lokalt. Tre av opposisjonspartia (SV, Ap og Sp) meiner staten må ha ein strategi på dette området.
- Gjennomgangen av førre kommunereform viser korleis talet på nynorskkommunar gjekk drastisk ned – frå 290 i 1955 til 98 i 1972. Sannsynlegvis var reforma med på å auke presset mot nynorsken i dei områda der han stod under sterkast press frå før.
- Det er framleis uklart korleis framtidens kommunekart vil sjå ut. Likevel tyder debatten på at nynorskkommunar i randsona til kjerne- området er høgaktuelle for samanslåing med kommunar utan nynorskvedtak. Dette gjeld rundt byane på Vestlandet (Molde, Ålesund, Bergen, Haugesund og Stavanger/Sandnes), på Nordmøre og i dalane på Aust- og Sørlandet.
- Lov om målbruk i offentleg teneste er tilpassa dagens kommune- struktur. Ei reform av kommunestrukturen utan påfølgjande reform av denne lova kan gje uheldige konsekvensar for den offentlege språkpolitikken. Det ser ikkje ut til at desse konsekvensane er villa politikk frå styresmaktene, men heller eit utslag av reforma.
- Kommunereforma kan vidare gje konsekvensar for nynorske fag- miljø i offentleg sektor, for bibliotek, for skulestruktur og mykje anna. Desse spørsmåla er til no lite diskuterte.

Det finst ei lang rekkje tiltak for å sørgje for at ikkje kommunereforma blir ei bokmålsreform i Noreg. Denne rapporten teiknar ikkje opp alle slike tiltak, men peikar på nokre moglege vegar å gå:

¹ Kåre Lilleholt og Jens Kihl:
Rapport om kommunereforma – frå Askvoll til Åseral

- Språkpolitisk medvit i reformarbeidet. Staten bør ikkje slå saman kommunar med ulikt fleirtalsmål.
- Språkbruksplanar for alle kommunar, som gjev gode råd om korleis kommunen skal forvalte språkpolitikken sin.
- Revisjon av mållova, slik at dei uheldige konsekvensane av kommune-reforma blir fanga opp og motverka.
- Betre tilsyn med språkbruken på kommunalt og regionalt nivå i Noreg.
- Odda-modellen som nasjonal politikk, slik at nynorskelevar kan gjennomføre grunnskulen før klassane blir språkblanda.
- Betre vilkår for parallellklassar.
- Ein ny modell for språkblanda kommunar, som tek reelt vare på dei språklege rettane til alle innbyggjarar. ”

Denne oppsummeringa kan leggjast til grunn for arbeidet også med språkplan for tospråklege kommunar. Nokre spørsmål er viktig å få avklara fyrst:

1 Skal det vera ein plan berre for å regulera forholdet mellom nynorsk og bokmål?

Svaret vårt er nei. Det kan leggjast inn klausular om dette i ein eventuell bindande samarbeidsavtale mellom kommunar som skal slå seg saman. Det hjelper likevel ikkje så mykje. I tillegg vil det vera klokt for nynorskfolk å gå inn for ein språkbruksplan som gjeld alle sider av språkbruken i kommunen, sidan nynorsken vil tena på innhaldet der.

2 Skal det vera andre modellar der nynorsk er i fleirtal enn der han er i mindretal? Svaret vårt er nei. Ut frå demokratiske styringsprinsipp bør modellane vera nokså like. Ei anna sak er at der nynorsk er i mindretal, bør det lagast punkt som tek omsyn til at nynorsk er mindretalsspråk nasjonalt.

3 Det finst mange tema i ein språkbruksplan som det er naturleg å ta med uansett kva språkval ein kommune vel. I tillegg vil det komma særlege moment inn når det handlar om språkdelte kommunar. Ut frå dette legg vi ved framlegg til følgjande planar:

a Språkbruksplan for språkdelte kommunar. Planen har eit tillegg som syner retningslinjer for sjølve språkbruken. Her er både nynorsk og bokmål tekne med.

b Språkbruksplan for nynorskkommunar, også med eit tillegg om sjølve språkbruken.

Det har vore eit mål å laga planane forpliktande og så korte som råd, og heller gje råd om kvar ein finn meir utfyllande opplysningar.